

# NYHEITER

TIPS OSS! **916 20 916**

nordhordland.no

Send gjerne bilde, tekst og video frå der du er. E-post: [redaksjonen@nordhordland.no](mailto:redaksjonen@nordhordland.no)

Tlf: 56 35 55 55 Tjipstelefon: 916 20 916. SMS/MMS: NHTIPS til 2005

Les Nh+ på nett. Registrer deg på nordhordland.no for å få tilgang.



**STORT NETTVERK:** NRK Brennpunkt synte denne veka ein dokumentar som viser at det finst eit stort, kriminelt nettverk i Bergen som mange tiggjarar er del av. Nordhordland-lensmann Kjell Idar Vangberg seier tiggjarar frå dette nettverket også er i Nordhordland. **FOTO: NRK BRENNPUNKT/YNGVE GAREN SVARDAL**

## Lensmannen seier tiggjarar i kriminelt nettverk opererer i Nordhordland - Ikkje gje dei pengar

**Lensmann Kjell Idar Vangberg meiner mange som tiggjar i Nordhordland også er del av det store, kriminelle nettverket i Bergen.**

ELINE KIRKEBØ  
[eline.kirkebo@nordhordland.no](mailto:eline.kirkebo@nordhordland.no)

Tysdag denne veka viste NRK Brennpunkt ein dokumentar der dei har følgd tiggarmiljøet i Bergen i nesten to år.

I denne kjem det fram at det finst eit stort, rumensk, kriminelt nettverk i byen. Det består av tiggjarar og prostituerte, samt menn som ikkje har arbeid i Norge, men som på Facebook viser fram bunkar med setlar og dyre bilar. NRK Brenn-

punkt har komme fram til at det kriminelle nettverket består av 140 personar.

Ifølge NRK Brennpunkt er det vidare ført ut 100 millionar kroner frå Bergen til Romania i løpet av dei siste fem åra.

Sjølv om NRK Brennpunkt konkluderte med at ein stor del av tiggarmarknaden i Bergen er del av det same kriminelle nettverket, er det også nokre av tiggjarane som ikkje er del av dette nettverket.

### - Same folka

Kjell Idar Vangberg, lensmann i Nordhordland, stadfestar at dei same menneska frå det same nettverket også er å finne i Nordhordland.

Etter å ha sett dokumentaren har han sjølv kjent att fleire av menneska.

- Det er dei same menneska

vi ser på bilda frå Bergen, som tiggjar og sel blad, som gjer det same her. Desse er ikkje reelle tiggjarar. Dei har rikeleg med pengar frå før, og det har vi visst i lang tid, seier Vangberg.

**For å få bukt med dette problemet, må vi fjerne marknaden.**

**KJELL IDAR VANGBERG**  
Lensmann Nordhordland

Han fortel at desse personane har vore eit problem i mellom anna Knarvik senter, utanfor butikkar i Knarvik, på Frekhaug i Meland og på Lindås senter.

### - Slutt å gje

- Korkje senterleiarar eller butikkeigarar er nøgde med dette,

og vi har fleire gonger blitt bedne om å fjerne dei. Nokre av dei er også aggressive, meiner Vangberg.

No oppfordrar han folk til å slutte å gje pengar til tiggjarane.

- Det er folket som lagar marknad for dei, ved at ein gir pengar til dei og kjøper blada deira. Men ikkje gjer det! For å få bukt med dette problemet, må vi fjerne marknaden. La vere å gje, og la vere å kjøpe blada, oppfordrar Vangberg.

### Vert slått og sparka

Etter at Brennpunkt-dokumentaren vart vist tysdag kveld, har tiggjarar i Bergen opplevd å verte slått, sparka, spytt på og utsett for verbal skitkasting, melder BA.

- Det går rett og slett ikkje an å oppføre seg slik. Eg hadde trudd betre om Bergens befolk-

ning. Dei som held på slik må roe seg, og forstå at det går an å ha to tankar i hovudet samtidig, seier Marcos Amano, dagleg leiar for Robin Hood-huset i Bergen til BA.

Amano understrekar at det som vert vist i filmen er veldig alvorleg, og at det forhåpentlegvis er noko politiet tek tak i og jobbar vidare med.

### - Ikkje heile sanninga

- Men denne dokumentaren viser ikkje heile sanninga om dei som tiggjar og plukkar flasker i Bergen.

Førebels har ikkje nokon av valdsepisodane vorte melde til politiet.

- Vi oppmodar alle til å melde. Vi har også informert byrådet om situasjonen, seier Amano til BA.